



Statens vegvesen

Reguleringsplan for fv. 245 Fosse - Moldekleiv

**Førebuing til oppstartsmøte med Meland
kommune**

Dato: 18.11.2016

Prosjekteigar:


Statens Vegvesen Region Vest
Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Kontaktperson: Eva-Beate Rundereim Torsvik

Konsulent: Constrada AS

Statens Vegvesen skal i gong med planarbeid for fv.245 Fosse – Moldekleiv inkl. oppgradering av Fossekrysset, og ber om oppstartsmøte med Meland kommune.

Bakgrunn og føremål:

Prosjektet *fv.245 Fosse – Moldekleiv, inkl. oppgradering av Fossekrysset* omhandlar deler av fv.245 frå Fossekrysset mot fv. 564 i sør (HP1, m.0) til Moldekleiv (HP1, ca. m. 3530 kryss mot Ådland x Håtuftvegen) i Meland kommune. Prosjektet er ein del av Nordhordlandspakken (NP), og er delprosjekt 3 på lista over prioriterte prosjekter. Planprosjektet skal også omfatte oppgradering av Fossekrysset (delprosjekt nr. 12 i NP).NP vart vedteke i fylkestinget 09.06.2015, og er venta vedteke i Stortinget vinteren 2016/2017. Den aktuelle strekninga er dermed i overkant av 3,5 km.



Aktuell strekning merka med blått

Situasjon i dag:

Området er i dag spreidd bygd med einebustadar og landbrukseigedommar. Vegen mellom Fosse og Moldeklev har varierande standard med ei breidde som varierer rundt 4,5 – 5 meter, men og ned i 3,5 meter på dei smalaste partia. Vegen manglar i hovudsak skulder. Vegen tilfredsstiller ikkje dei gjeldande krav i handbok N100 i høve til mellom anna breidde og geometri. Det manglar tilbod for mjuke trafikantar på heile strekninga. Dette betyr at alle mjuke trafikantar i dag må ferdast i vegen.

Klargjering av eigedomstilhøve, eigedomsgrenser, matrikkelrettar, m.m.

Datagrunnlag vert henta frå GisLine. Her er og eigedomsgrenser avmerkt.

Matrikkelrettar og eigedomstilhøve vert diskutert om det vert naudsynt.

Reguleringsplanen vil gje grunnlag for naudsynt areal til grunnerverv for Statens vegvesen i samband med prosjektet.

Tilhøvet til gjeldande kommuneplan, reguleringsplan, regionale og statlege føringar.

Deler av strekninga inngår i Meland kommune sin reguleringsplan nr. 1256 20070004. Den eksisterande planen har ulik tittel i BraPlan og inne i sjølve plandokumenta. I BraPlan heiter den REGULERINGSPLAN FV245 FRÅ HATLEBERGET TIL SKARPENESET. Inne i plandokumenta heiter den FV 245 MOLDEKLEIV – FOSSE. Vedtak i kraft er frå 2009. Det er vurdert vere behov for ny reguleringsplan, mellom anna grunna følgjande:

- Planvedtaket for den eksisterande planen er fatta etter gammal plan- og bygningslov.
- Den eksisterande planen dekkjer ikkje Fossekrysset og sørlegaste del av fv.245.
- Den eksisterande reguleringsplanen legg ikkje til rette for tilstrekkelig midlertidig arealbeslag i form av anleggsbelte og riggområde langs vegen.
- Dei siste åra har det vore endringar i normkrav hos Statens vegvesen for dimensjonering av veganlegg og GS-anlegg.

Det skal utarbeidast reguleringsplan på strekninga for utbetring av vegen i høve til dagens normkrav etter utbetringsstandarden i Statens vegvesen si handbok N100, samt legge til rette for etablering av gjennomgåande separat tilbod for mjuke trafikantar. I tillegg vert det behov for tilpassing mot og justeringar av ei rekke eksisterande avkjørsle/kryss og kollektivhaldeplassar.

Det er i dialog med veigeigar Hordaland fylkeskommune ved fylkesvegrådet beslutta at vegstandard «U-Hø2 Øvrige hovedveger» etter utbetringsstandarden i handbok N100 skal ligge til grunn for planarbeidet. Vegen vert i reguleringsplanen dimensjonert for 60 km/t.

Kva kartleggingar/ innhenta informasjon ligg føre per i dag (t.d. undersøkelsar i grunn, arkeologiske undersøkelsar, el. anna relevant kartlegging).

Ein kjenner ikkje til at det tidlegare er gjennomført grunnundersøkingar på denne strekninga. For å kunna gjennomføra eit tilfredsstillande planarbeid er det planlagt å gjennomføra kartleggingsarbeid av grunntilhøve. Dette vert gjort med borerigg, og det vert teke opp prøvar der er vurdert å vere naudsynt. Råka parter vert varsle direkte om grunnundersøkingar på førehand. Det er registrert få fornminner langs dagens veg, men mykje eldre bustader og Sefrakbygg.

Vurdering i høve til Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan og bygningslova

Jamfør veiledningsnotat frå KMD «*Planprogram og konsekvensutredning ved reguleringsplaner*», sist revidert 14. januar 2016, vert ikkje reguleringsplanar for utbetringstiltak langsmed eksisterande veg og etablering av gang- og sykkelveger langsmed eksisterande veg omfatta av §2 i forskrifta. Slike reguleringsplanar skal vurderast etter forskrifta (§3) dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, etter vedlegg III.

Statens vegvesen si vurdering er at planlagde utbetring av fv. 245 og bygging av nytt gang- og sykkelanlegg langsmed vegen ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, og at det føreståande planarbeidet ikkje utløyser krav til konsekvensutreiing. Reguleringsplanen vil likevel greie ut om tema som grunntilhøve, kulturminner, naturmangfald, landskap, arealbeslag og jordvern, nærmiljø og friluftsliv, born og unge sine interesser og risiko og sårbarheit (ROS).

Særlege tema Statens vegvesen ynskjer å få avklart

- Plangrense, særskilt mot nord
- Pågåande planar eller utbygging i kommunen som påverkar planarbeidet.
- Kommunen sine intensjonar for planområdet og tilgrensande område og mål for planarbeidet.
- Høve til KPA, særskild føringer gjevne for området ved Fossekrysset (undergang m.v)